



| | |
|---------|---------------|
| 2010/67 | Dokumentnr 98 |
| | ASR/SEB |
| IAA | 410 |

Til
Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo

Saksbehandler:Håvard Øyrehagen
Telefon:91763761
E-post:ho@nsg.no
Vår referanse:
Deres referanse: 201000067-IAA

ÅS, 30. april 2010

Høyringsvar: Forslag om endringer i FOR-1997-05-02-423 - Forskrift om nydyrking

Norsk Sau og Geit, NSG, er ein fagleg medlemsorganisasjon for saue- og geitehaldarar i landet. Laget vart stifta i 1947, og har i dag 18 fylkeslag, ca. 390 lokallag og ca. 12.500 medlemmer.

Norsk Sau og Geit skal arbeide for å fremje eit rasjonelt og lønnsamt saue- og geitehald, sikre beiteretten og stimulere til samarbeid i produksjon og omsetning. Vidare skal det arbeidast for auka bruk av norske småfeprodukt og fremje av småfehaldet i samsvar med naturvilkår og markedsforhold.

Norsk Sau og Geit vil gjerne få bemerke følgande:

Nedbygging av dyrka mark føregår i eit vannvittig tempo i Noreg. Me produserer per dags dato rundt 50% av maten me treng. Med folketalsauke og vidare nedbygging vil denne prosentandelen bli forsvinnande liten på sikt. Av dyrkbar mark i Noreg vil myr utgjere ein stor andel då dette er organisk materiale utan stein og som regel utan større vegetasjon som tre og liknande. Det er også nettopp difor ein lite krevande jobb å dyrke, samt at det vil vere lite energievande i motsetnad til å dyrke opp skog.

Norsk Sau og Geit er på det reine med at myr kan innehalde eit stort og viktig biologisk mangfald og at store mengder av klimagassen Metan vil sleppe fri om ein dyrkar opp ei myr. Me tykkjer likevel ikkje at transportkostnad og utslepp ved transport av mat for all framtid har blitt lagt stor nok vekt på i denne samanhengen. I tillegg er mange av våre dyrkbare myrer i ferd med å gro igjen av naturlege årsaker samt lågare beitepress, og klimarekneskapet vil bli det samme om ein dyrkar eller let gjengroinga skje. Dessutan vil varige enger binde like mykje karbon som skog i vekst og ein kan sjå klimafordeler ved dette.


Å anta at dei samfunnsmessige konsekvensane ved endringar av forskrifta vil vere låge, som sagt i høyringsteksten, er i dette tilfellet ikkje nok. Konsekvensane ved auka Norsk matproduksjon har i seg sjølv store effektar både på klima og på samfunn. Dette må utgreiast vidare.

Norsk Sau og Geit føresler difor at dei biologisk viktige myrene blir freda for nydyrking, men at andre mindre viktige myrer skal kunne brukast som matreservar for framtida.

Med helsing



Lars Erik Wallin
Generalsekretær



Håvard Øyrehagen
Utmarksrådgjevar